

Til naboar og offentlege høyringsinstansar

[www.abo-ark.no](http://www.abo-ark.no)  
[post@abo-ark.no](mailto:post@abo-ark.no)

**Avdeling Os**

Org.nr. 879 951 542  
Hamnevegen 53,  
PB. 291, 5203 Os  
Tlf: 56 57 00 70

**Avdeling Stord**

Org.nr. 917 495 637  
Torgbakken 9  
PB. 667, 5404 Stord  
Tlf: 53 40 37 80

Os, 02.07.2024

## **Detaljregulering, gnr. 43 bnr. 225 m.fl. Austevoll ungdomsskule og idrettsanlegg, planID 4625 20240004**

### **Varsel om oppstart av planarbeid**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 og i samsvar med vedtak i kommunestyresak PS 70/24, vert det varsla oppstart av detaljregulering for Austevoll Ungdomsskule gnr. 43 bnr. 255 m.fl. i Austevoll kommune.

#### **Om planarbeidet**

Største delen av området er sett av til offentlig og privat tenesteyting og parkering i gjeldande kommuneplan. Nordre del er sett av til bustadføremål og ein mindre del i nordvest er LNF-føremål. Planområdet er ca. 100 daa.

Føremålet med reguleringsplanen er ønske om å utvikle og regulere området for Austevoll ungdomsskule og Austevoll idrettsanlegg. Det er planar om å byggje ein storhall på den søre idrettsbanen. Vidare skal planen legge til rette for rehabilitering av skulen sitt uteområde og oppgradering av idrettsanlegget. Trafikktryggleik vil vere eit viktig tema i planarbeidet. Det kan vere aktuelt å regulere bilfri hjertesone og trafikksikker snusløyfe for avsetjing av elevar/born i utkanten av skuleområdet. Planen vil legge til rette for nye parkeringsplassar, samtidig som planen skal bevare kulturminne i planområdet. Utviding av intern veg for å gjere området betre tilgjengeleg og etablering av parkeringsplassar er viktige tema for å sikre framtidig bruk og aktivitet.

Automatisk freda kulturminne som ligg innanfor planområdet skal bevarast.

Vestland fylkeskommune sin tannhelseklinikk i Austevoll, er lokalisert i eit eige bygg i planområdet. Bygget kan kome i konflikt med ønska utvikling for området. I planarbeidet vil det vere aktuelt å vurdere om tannhelsetenesta kan få plass i en del av skulebygget, mot at skulen får nye/oppgraderte lokale i annan del av bygget.

Reguleringsplanen vil leggje til rette for følgjande tiltak:

- Oppføring av storhall med tilleggsbygg.
- Rehabilitering av skulen sitt uteområdet.
- Oppgradering og utviding av veg.
- Etablering av ny avkøyring til fylkesveg.
- Hjartesone og snusløyfe for levering og henting av elevar/barn
- Etablering av nye parkeringsplassar
- Mogleg utviding av skulen
- Ivareta kulturminner
- Vurdere ny plassering av Austevoll tannklinikk

Forslagsstillar er Austevoll kommune. Plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur AS. Nærare informasjon om planarbeidet inn ein på ABO Plan & Arkitektur AS si heimeside (<https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>) og på Austevoll kommune sine heimesider under høyringar og kunngjeringar.

### **Konsekvensutgreiing**

Planarbeidet er vurdert til å ikkje utløyse krav om planprogram og konsekvensutgreiing jf. Plan- og bygningslova § 4-1.

### **Frist for innspel**

Frist for innspel og merknader til varsel om oppstart av planarbeidet er sett til **29.08.2024**. Innspel og merknader må sendast skriftleg til:

ABO Plan & Arkitektur AS  
Postboks 291, 5203 Os  
e-post: [offentlig.ettersyn@abo-ark.no](mailto:offentlig.ettersyn@abo-ark.no)

Eventuelle spørsmål kan rettast til ABO Plan & Arkitektur AS:  
v/Merete Lunde, mob: 95 22 55 58, e-post: [merete@abo-ark.no](mailto:merete@abo-ark.no)

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av innspel og merknader til Austevoll kommune, dette vil verte ivareteke av ABO Plan & Arkitektur AS. Alle mottatte dokument, innspel/merknader o.l. vert sendt samla til kommunen saman med planforslaget og svara ut i merknadsskjema som følgjer planforslaget.

Med venleg helsing  
ABO Plan & Arkitektur AS



**Merete Lunde**  
Arealplanleggar

Vedlegg: Plangrense datert 01.03.2024, oversiktskart og ortofoto